

REGULERINGSPLAN SANDE NORD, DATERT 22.12.83

REGULERINGSFØRESEGNER:

Paragraf 1. Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor denne grensa skal alle nye bygninger plasserast med slik minimumsfråstand frå veg som byggelinene viser.

BYGGEOMRÅDER

Paragraf 2. Det kan ikkje oppførast bustader anna enn som "fortetting" av eksisterande bustadområde. I det eksisterande bustadområde kan det innreiast mindre reparasjonsverkstader, mindre salsverksemder og lokaler til sosiale føremål som etter bygningsrådet sitt skjøn ikkje er til mein eller ulempe for busetnadane i området.

Paragraf 3. Områder for offentleg bygg
Arealet for offentlege bygg som ligg nord for RV 14 skal nyttast til aldersheim/sjukeheim og alderbustader i tilknytning til denne.
På dette arealet kan førast opp bygningar med mønehøgde inntil 15 m.
Arealet for offentlege bygg som ligg syd for RV 14 skal nyttast til kyrkjelege føremål.

Paragraf 4. Almennyttige føremål
Dette området er reservert for eksisterande forsamlingshus.

Paragraf 5. Trafikkområder
I området er det vist offentlege vegar med lommer for buss-stopp, og gangvegar, parkeringsplassar.

Paragraf 6. Friområde
I friområdet kan det ikkje førast opp bygningar.

REVIDERT 14.01.87.